



Tingvoll, 15.1.2020

Klima- og miljødepartementet

RAPPORT FRÅ EKSPERTUTVAL FOR FARLEG AVFALL - FRÅSEGN

Dykkar ref 19/4280

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal vil seie noko om tilhøve som gjeld lokalitet Raudsand i Møre og Romsdal spesielt.

1. Fjellkvalitet

Det er gjort prøveboringar på Raudsand. Det er tale om eit lite tal boringar på eit mindre område og dei er ikkje fullført til den djupna fjellhallane er planlagde på.

Resultatet av prøveboringane bør følgjeleg brukast med varsemd, og dei kan ikkje brukast til å slå fast at fjellet er eigna.

Bergartane på Raudsand er ikkje mellom dei som verkar slik at sprekkar gror igjen som følgje av reaksjon med basisk avfall. Det må difor leggst til grunn at sprekkar vil gje varig lekkasje.

Jordskjelv kan påverke lekkasjetilhøve. Risikoen knytt til jordskjelv er mangelfullt gjort greie for så langt.

2. Kai og sjøfylling

Naturvernforbundet har kontakta fagmiljø som kan tenkjast å ha kompetanse på djupe sjøfyllingar. Vi har funne fram til miljø som har erfaring med fyllingar ned til ca. 70 meter, men ikkje djupare. Vi har fått skildra metodar med fundamentering og terrassering på ein heilt annan måte enn det planane på Raudsand gjev uttrykk for. Dei miljøa som har kjennskap til høge fyllingar finst innan miljøa som har arbeidd med fyllingsdammar. Der er det grunnleggande at steinblokkane veljast ut frå den plasseringa dei skal ha og leggst systematisk på plass, noko heilt anna enn dumping med lekter. I sjøen er det mottrykk på ein annan måte enn for fyllingsdammar, men ein skal vite at stein er dobbelt så tungt som sjøvatt og vil ha ein annan verknad på morenemassen som fyllinga er planlagd lagt oppå enn det vatnet har i dag.

Vår vurdering er at det er ein betydeleg risiko for at sjøfyllinga vil gli ut og hamne på botnen av fjorden. Det vil gje eit akuttforløp der risikoen med ein tsunami (Jf. Storeggaraset) må vurderast nærare. Vidare vil all ureina masse på sjøbotnen i dette området kome i rørsle ved ei slik hending, og gje ureining over eit større område over lengre tid.

Påverkinga av sjøområde er ikkje ferdig utgreidd, då kartlegging av biologisk mangfald i fjorden ikkje er utført. Kai og sjøfylling er så vesentleg del av prosjektet at dei biologiske og tekniske sidene ved kai og sjøfylling må vere fullt avklart før ein tar stilling til resten av prosjektet. Det kan ikkje regulerast og gjevast konsesjonar for resten av verksemda på vilkår av seinare godkjenning av kai og sjøfylling.

3. Transportavstand

Omtrent alt aktuelt avfall oppstår eit døgn eller to med båt sør for Raudsand. Transport er bruk av ressursar som det er eit mål å redusere, og det gir ein auka risiko for uhell. Forskjellen i transportavstand er betydeleg og må tillegkast ganske stor betydning ved val av lokalitet.

I tillegg til dei miljømessige sidene ved stor transportavstand, kjem også auka kostnader med ein slik avstand. I samband med konsekvensutgreiinga til Durmålhaugen pukkverk i Tingvoll kom det fram at frakta av pukkstein kosta ca. 10 kr pr. tonn og døgn. Pukkstein med same kvalitet måtte dermed prisast 10 kroner pr. tonn rimelegare enn for eksport frå Ryfylke. Vi antar at kostnaden ikkje er mindre i dag. Lokalisering på Raudsand vil altså kunne bli 10-20 kroner pr. tonn dyrare for Raudsandalternativet enn for Ryfylke eller eventuelt Oslofjorden. Det er elles eit spørsmål om pukkstein frå Raudsand kan konkurrere i kvalitet med pukkstein frå Ryfylke. Dette har noko å seie for økonomien i prosjektet, og økonomien har noko å seie for om eit prosjekt er liv laga økonomisk. Ein konkurs knytt til avfallshandsaming er oftast veldig ugreitt.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar